

BJØRKEHAUGEN

Høgdemeter over havet: omlag 300 m

Lengde: 1 km

Tid: 1-1,5 time ein veg.

Gradering: Middels tur

Vegskildring: Turen går frå Hamrevegen: Parker ved båthamna. Ved elva Skredo skal du krysse vegen og gå rett opp i skogen til venstre på raudmerka løype (sjå skilt) i bratt, men flott skogsterreng. Etter kvart kjem du til Bjørkehaugen, (sjå skilt) Då vert stien endå litt brattare og du går mot Fossløo og Grytefossen til venstre før du igjen går bratt opp skogen. Då kjem du til nedste Kolgrovehaugen. No går stien over ei ur og her har det rast ut noko, men du går vidare til Øvste Kolgrovehaugen. Det er fine skilt undervegs å fylgje med på som Lars Steinar Seim har laga. Du går vidare oppover til Sauldefletene, eller Sevlefletene der stien deler seg (ca. 30 min) Her heng turkassa på ruta vi har kalla Bjørkehaugen.

Her kan du gå vidare opp til Bjørndalen via Tresprang eller du kan gå vidare nedover til du kjem ned på Hamrevegen. Stien er bratt og noko ulendt, men lett å fylgje. Du går forbi Johansoksle på vegen nedover. Du føl stien nedover til høgre til du til slutt kjem innpå ein traktorveg. Det er lett å fylgje stien heilt ned til Hamrevegen og du kjem ut ved Fureneset der den fine grindverksгарasjen til Svein- Helge Pedersen er. Her heng det flotte bilete å sjå på. Du kan og sjølv sagt starte turen denne vegen. Skilt til Bjørndalen står her ved startpunktet på Hamrevegen.

Tur tips 1: Gå frå Bjørndalen om Tresprang og ned att om Karstenshytta og Kleppe og Rausvollane/ Masta. Stien er merka. Då får du med deg alle tre turane på same rundtur.

Tur tips 2: Start på Hamrevegen ved Fureneset å gå opp traktorvegen, skilt Bjørndalen) og du går då motsett veg av det vi har skildra

Frå Bjørkehaugen/Saudefletene går stien vidare bratt oppover går stien til fleire flotte utsikstpunkt både utover og innover fjorden. Du kjem til Tresprang og Gjøtto (utsikten) her flott utsikt over bygda. Tresprang som tyder der dei tre vegane møtast (veggen du no går, vegen frå toppen og ned, og vegen frå Røystrand via Karstenshytta som gå lågare enn stien om Reislegruvle. Etter Tresprang kan du sjå Mastene, og du går forbi desse før du kjem opp på flaten. Då går du siste stykket bort til Bjørndalen der hytta står og neste turkasse heng»

Om du no vel å gå ned att utan å gå opp til Bjørndalen går du ned om Akslane og Fureneset. Då går du vidare bratt ned om JohansOksle og kjem etter kvart ned på ein gamal traktorveg og VetleOksle før du til slutt er nede på Hamrevegen. Du kan sjølvsagt starte turen denne vegen også.

(Sjå egne turskildringar for desse turane på www.granvin-turlag.no)

GOD TUR!

Granvin Turlag